

Kommunane i Vestland

Vår sakshandsamar
Merete Støfring
+47 95 94 74 37

Vår dato
12.09.2024
Dykkar dato

Vår referanse
24/00095-29
Dykkar referanse

Kommunane har ei viktig rolle i å legge til rette for aktiv landbruksdrift

I dette brevet ynskjer Vestland Bondelag å kome med innspel på nokon saker som vi meiner det er viktig at kommunane set eit ekstra fokus på. Vi set stor pris på det arbeidet som kommunane gjer for landbruksnæringa i fylket vårt. Vi registrer at ulikskapane mellom kommunane sin administrasjon er stor når det gjeld kompetanse innan landbruk. Vi vil innleiingsvis peike på kor viktig det er at kommunane har tilsette med kompetanse på landbruk og utmarksnæringar. Det er heilt avgjerande for at kommunane i si sakshandsaming skal kunne forstå landbruksnæringa sine behov. Det er også avgjerande for å kunne legge til rette for ei positiv utvikling for næringa.

Kommunale vegar

Landbruksnæringa har eit stort transportbehov i form av innsatsfaktorar inn til gardsbruka og produkt ut til foredlingsanlegg og forbrukarar. Gode vegar er for mange ein avgjerande nøkkel til drift og verdiskaping. Det å ha kommunal veg til gards er ein tryggleik for dei som bur der og driv næring. Det er ein tryggleik for å leve heile livet i distrikta, og det er også ei motvekt mot sentralisering.

Dessverre ser vi at nokon kommunar førebur omklassifisering av kommunale vegar til private vegar. Gjerne vegar som er høvesvis lange, der dei som bur der har få innbyggjarar å dele vedlikehaldskostnadene for vegen med. Vi vil oppmode at kommunale vegar vert prioritert i distrikta som eit svært godt verkemiddel for å sikre utvikling av næring og spreidd busetjing.

Veterinære tenester

Å ha tilgang på veterinærar som har kunnskap om dei ulike produksjonsdyra våre er naudsynt for drifta på gardane. Vi opplever at det i nokon område i Vestland er vanskeleg å sikre rekruttering av veterinærar til vaktordningar. Å ha fungerande vaktordningar er avgjerande for dyrevelferda. *Kommunene har siden 2008 hatt en lovpålagt plikt til å sørge for tilfredsstillende veterinærtjenester, og å organisere en veterinær vakttjeneste utenom ordinær arbeidstid. Tilskuddene til veterinærdekning er et øremerket, økonomisk bidrag til dette ansvaret. Vakt- og administrasjonstilskuddet bidrar til å finansiere vakttjenesten i alle landets 160 vaktområder opp til et visst nivå. I tillegg kan næringssvake kommuner søke om stimuleringsstilskudd til lokaltilpassede tiltak som bidrar til veterinærdekning på dagtid.*

Totalt vert det løyvd eit vakt- og administrasjonstilskot på i overkant av 22 millionar til vertskommunane for vakt-distrikta i Vestland i 2024. Sidan 2020 har kommunar i Vestland også søkt og fått tildelt 18,5 % av den nasjonale potten som vedkjem stimuleringsstilskot.

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: Fjellvegen 11, 6800 FØRDE, Tlf: 57 83 70 80
Besøksadresse: , 5257 KOKSTAD
Bankkonto: 8101.05. 91392, **Org.nr.:** 985063001 MVA
vestland@bondelaget.no, www.bondelaget.no/vestland

Norges Bondelag

Bankkonto: 8101.05.12891
Org.nr: 939678670

Å handtere og hjelpe kjæledyr er vorten ein stadig større del av inntektskjelda til veterinærer, medan tal produksjonsdyr har gått ned. Det er viktig å peike på at å hjelpe produksjonsdyr krev kunnskap som smådyrpraksis ikkje gjev. I framtida kan det vere naudsynt med ekstra økonomisk stimuli, rekrutteringstiltak og kreative samarbeidsløysingar for å sikre veterinærtilgangen til produksjonsdyr, slik at kommunane kan oppfylle sine lovpålagte oppgåver. Det kan vere trong for å ligge i førekant av ei utvikling som ein allereie no ser.

Husdyrsjukdommar og smittevern – når bonden opplever krise

I ei verd der folk og fuglar/dyr kryssar grenser med ulik smittestatus for husdyrsjukdommar opplever vi ein auka risiko for at tilfelle av alvorlege husdyrsjukdommar også kan råke matprodusentar i din kommune. Om det skulle skje er det viktig å ha ein god beredskap som hindrar vidare smitte og som tek vare på bonden som brått og brutalt vert råka. Det er ofte Mattilsynet som «eig» denne typen hendingar, men det er også viktig at dykk som er i kommunane kjenner til rutinar og restriksjonar som kan kome når det vi aller minst ynskjer oss hender.

Det å ha dialog årvisst med næringa kring beredskap ved ulike hendingar som til dømes husdyrsjukdommar, brannar og naturhendingar trur vi er lurt. Det å ha tenkt gjennom kva som kan skje og øve på dette kan vere avgjerande om det vi håpar aldri skal skje skjer. De i kommunane har svært viktige ressursar i form av brannberedskap, veterinærer, helsepersonell og kartgrunnlag til dømes.

Eigne kommunale verkemiddel som kan stimulere til investering og satsing

Takk til kommunar som stimulerer til utvikling på gardsbruk ved økonomiske verkemiddel. Vi kan nemne stimuleringstilskot ved kjøp av gardsbruk, planlegging av nye driftsbygningar, jordbruksvegar og til kjøp av mjølkekvote som døme på gode tiltak som kvar for seg ikkje er utløyssande for tiltak, men som viser at kommunen prioriterer landbruk og ynskjer positiv utvikling i næringa sterkt velkomen.

Arealplan og jordvern

Oppdaterte kart og arealplanar er avgjerande både for aktiv drift og framtidig vern. Å ta vare på matjorda handlar om noverande og framtidige generasjonar sin matberedskap. Fokuset på vern av matjord er styrka dei siste åra. De i kommunane sit på nøkkelen til å lukkast i dykkar arbeid med arealplanar, men også gjennom summen av einskildvedtak.

Konsesjonshandsaming – praktisering av bu- og driveplikt

Kommunane sit med ansvar i saker som vedkjem konsesjonshandsaming ved sal av landbrukseigedommar. Fast busetnad og naboar er viktig for å unngå fråflytting og til sist berre feriehus i stadig fleire bygdelag. Difor vil vi oppmode kommunane om å praktisere krav til bu- og driveplikt strengt.

Viltforvaltning - Hjort

Veksten i hjortestammen utgjer ein stor kostnad for stadig fleire aktive bønder. I forskrift om forvaltning av hjortevilt står mellom anna følgjande i formålsparagrafen: *Det skal legges til rette for en lokal og bærekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene. Forvaltningen skal videre sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikke forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.*

Vestland Bondelag meiner at det i dag er mange grunneigarar og aktive bønder som må ta ei for stor økonomisk byrde grunna den høge hjortestamma. Vi ber difor kommunane, saman med grunneigarane, om å arbeide vidare med å legge til rette for ei forvaltning som reduserer skade på innmark og skog. Dykk som er tilsette eller politikarar i kommunane kan vere med og legge til rette gjennom:

- Tildeling av tilstrekkeleg tal løyver
- Lågt og fleksibel bruk av minsteareal
- Fleksibel bruk av skadeløyve der skadeomfanget er stort
- Kompetanse på viltforvaltning i dykkar administrasjon
- Søke om og ta i bruk nye verkemiddel i forvaltninga som fri kalveskyting
- Ha fokus på hjortevilt som del av arealplanlegging i kommunen, og i dialog med vegstyresmakter og andre statlege aktørar
- Engasjere dykk og kome med innspel når nasjonale saker som vedkjem hjorteforvaltning kjem på høyring. Jamfør sak; *forslag til lov om utøvelse av jakt, fangst og felling av vilt (viltressursloven)* som er til høyring med svarfrist 25.10.24; [Høring av ny lov om utøvelse av jakt, fangst og felling av vilt mv. \(viltressursloven\) - regjeringen.no](#)

Viltforvaltning - Gås

For mange gardsbruk, særleg langs kysten er gås ei stadig større utfordring. Gåsa beitar ned avlingar på fulldyrka areal og legg frå seg øydeleggande avføring både på dyrka areal og friluftareal. Vi vil oppmode kommunar, der den store bestanden av gås skapar konflikt om å utarbeide ei lokal forvaltningsplan for gås som grunnlag for å redusere konflikt mellom ulike interesser. Med ein slik plan som grunnlag kan Statsforvalter opne for jakt inntil 15 dagar før ordinær jaktstart. Vi vil også oppmode kommunane om å vere fleksible på å gje skadefellingsløyve utanom ordinær jakt sesong.

Beitebruk, bandtvang og gjerdehald

Å møte dyr ute på beite i sommarhalvåret er noko dei fleste av oss set stor pris på. Gjennom organisert beitebruk og SMIL forvaltar de gode ordningar som kan gjere beitebruken lettare for bonden gjennom investeringar i radiobjøller og Nofence. Likevel er det slik at fysiske gjerde i god stand framleis er heilt naudsynt. Vi vil oppmode dykk i kommunane til å sjå på løysingar som kan gjere beitebruk lettare for den aktive husdyrbonden. Det kan vere tiltak som å stimulere økonomisk til restaurering og oppsetjing av nye gjerde, gode fellesløysingar i utmark og streng handheving av bandtvang.

Vi har i sommar registrert mange tilfelle av skade på sau som skuldast lause hundar. Særleg har vi notert oss utfordringar med utanlandske hundeeigarar i form av turistar som ikkje respekterer verken bandtvang eller skilt som viser at hund ikkje har adgang. Skilting på ulike språk og samarbeid med politi kan vere viktig å utvikle vidare. Å bygge vidare kampanjen som Statsforvalter og politiet stod bak denne sommaren kan vere eit steg i rett lei.

[Lause hundar skadar vilt og husdyr | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)

Å legge ut informasjon på turistdestinasjonane sine nettsider, på overnattingsstader og ikkje minst på sentrale «gratisparkeringar» for bular. Det er viktig å setje dette på dagsorden i særskild turistkommunane før det eskalerer vidare. Det handlar om kunnskap og ikkje minst haldningar hos turistane.

Invitere til dialog med næringa lokalt

Vestland Bondelag har lokallag i alle kommunar i heile fylket med unntak av Fedje. Vi håpar at de er positive til initiativ frå lokallaga våre til dialog kring viktige tema for medlemene.

Ynskjer dykk i kommunane eit godt arbeidsår og ta gjerne kontakt om de har noko de ynskjer å drøfte med oss. De finn kontaktinformasjon både til oss i fylkeslaget og til lokallaga våre på denne nettsida: [Vestland - Norges Bondelag \(bondelaget.no\)](http://vestland-bondelag.no)

Med venleg helsing

Elektronisk godkjent, utan underskrift

Gry Ingvild Agjeld, fylkesleiar

Lars Peter Taule. Org.sjef